



E & M Holding ønskjer lågare bygg på det planlagte hyttetunet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

E & M Holding (Trond Myklebust og Alf Eidsvik jr.) har gjeve uttale til reguleringsplanen for turistanlegga og påpeika nokre punkt som dei ber kommunen ta med i dei vidare vurderingar.

Dei presiserer at dei som nærmaste nabo til området er positive til planane i utgangspunktet, men at det er visse kriteriar det må takast omsyn til i forhold til den drifta dei har i dag. Dei reknar med at det er i kommunen si interesse at verksemdar som er i drift i dag ikkje blir skadelidande for dei nye som vil satse.

Uttala kjem inn på planen om hyttetun og E & M Holding stiller seg uforståande til at det skal vere lov å byggja bygg med ei kotehøgde på 11 meter. Hvis det kjem bygg med ei slik høgde, vil dette vere forringanende på deira drift av utleige i dag.

Dei ber om at kommunen ser på dette og justerer dei til kote 9 som det er på det resterande området som skal regulerast.

Når det gjeld frisktsona som er teikna inn på kartet går den i dag inn på deler av eigeiendommen som brukast til parkeringsplassar.

- Vi må fortsatt ha dette arealet for parkeringsplassar for å oppretthalda vår drift og ber om at kommunen justerer denne sona utanfor vårt parkeringsområde, skriv dei to.

Dei påpeiker også at tilkomst med veg for kjellerlokala ikkje er teikna inn sjølv om denne vegen har vore der så lenge bygget har stått. Vegen er heilt nødvendig for at dei skal kunne halda fram med drifta og dei ber om at kommunen får den med på planen.

Av Ola Matti Mathisen